

ÅRSMELDING FOR 2017

Styret har i 2017 vert satt sammen av følgende:	Leiar	Beathe Andersen
	Nestleiar	Judith Odland
	Kasserer/skriver	Kari Hopland v. d. Kooij
	Styremedlem	Jarle Sleire
	Styremedlem	Knut Einar Moldekleiv
	Styremedlem	Jan Tore Johannessen
	Styremedlem	Rune Kristoffersen
	Varamedlem	Erle Hannisdal Sleire

Ungdomslaget hadde i 2017 193 medlemmer fordelt på 113 voksne og 80 barn. Dette er ein liten nedgang fra 2016.

Styret har hatt 11 styremøter og det har vert avholdt 1 årsmøte i 2017.

Disse aktivitetene har vert i 2017:

Strikkeklubb	annakvar onsdag
Fritidsklubb	ein gang i måneden. Tirsdag for 1-4 kl og fredag for 5-7 kl
Basar	02.04
Sankthansfeiring	23.06
Kystsogedagane på Knappen	26 - 27.08
Konsert m Rune Larsen	05.10
Oktoberfest	07.10
Haustmesse / Bingo	14 - 15.10

BASAR

Basaren vart eit flott arr med mange fine gevinster og godt oppmøte.

Basaren i 2017 fekk inn 38 520 kr. Dette er penger som kjem vel med i drifta av laget. Inntekta var større men noko av pengane vert satt av til å skipa i stand ny basar.

HAUSTMESSE / BINGO

I 2017 prøvde strikkeklubben på nytt å arrangere messe og bingo same helga. Det var noko variert resultat denne gongen og. Nokon fekk solgt, medan andre ikkje. Det var varierende med folk innom iløpet av helga. Men vi prøver igjen i året som kjem.

Søndagen vart avslutta med ein bingo. Det vart det eit flott resultat av på 10 124 kr. Dette er penger som går direkte til laget da alle gevinster er gitt av det lokale næringslivet.

FRITIDSKLUBBEN

Det har vert veldig gøy å sjå kor kjekt barna synes det er med dette arr. Det er forskjellige tema kvar gang og dette virker som det fenger barna og er med på å holde barna sammen og opptatt med eit opplegg. Dei minste er det som regel ca 50 barn kvar gang. For dei minste krev det ein god gjeng med vaksne som blir med. Så her er det berre å melde seg og bli med for at barna skal ha noko «anna» i kvardagen av og til. Barna har som regel med seg 50,- , noko som vi har anbefalt. Vi ser at dei synes det er kjekt å kunne få lov til å kjøpe seg noko. Fruktfat er noko vi har hatt, men som har falt litt vekk. Dette er noko vi må få på plass igjen slik at barna kan ha eit sunt alternativ også. Dei eldste klarer seg stor sett sjølv. Kjøpspress i kiosken er det ikkje. Dei ønsker berre ein plass til å samlast og ingen spesielle aktiviteter. Vi tilbyr dei å kunne delta på aktiviteter men dette er meir valgfritt. Her er det da mindre voksne. Gjerne to til å holde vakt og ein til kiosken.

STRIKKEKLUBB

Her samles det seg ein fin gjeng på mellom 5 - 10 damer annakvar onsdag. Dei har med seg forskjellige handarbeid eller kjem berre for å skravle. Her er det alltid plass til fleire medlemmer.

SANKTHANSFEIRING

Laget inviterte i år igjen til feiring med båltenning, hesteskys-kjøring, kiosk med sal av is, brus og svele. Folk hadde medbrakt mat som me grilla på store tønnegriller. Me dekkja langbord inne i salen da været ikkje var med oss og bålet vart laga i ei gammal tønne. Ca 80 små og store var med denne ettermiddagen og det var bra da været var dårlig.

KYSTSOGEDAGANE

Siste helga i august 2017 var det på ny tid for arr på knappen. Komiteen kom i havn med arr på ein flott måte. Stort og variert program og eit flott vær kasta glans over arrangementet. Dåp på gudstjenesta var det og. Besøktallet var stort og arr var på nytt ein stor suksess.

JULEBORDSESONGEN

Det vart mindre travelt i år da leigene var sprett utover ein større periode og me ikkje hadde fleire arr på samme helga. Juletreffesten vart dessverre avlyst da det var for få som meldte seg på arrangementet. Dette var veldig dumt, men vi prøver igjen med å ha det rett etter nyttår.

HUSET/EIGEDOM

I året som har gått har heile huset og garasjen blitt malt. Nokon stader berre ett strøk. 2017 var året da totalrenovering av kjøkkenet stod for tur. Da fekk vi eit veldig funksjonelt og flott storhusholdningskjøkken med ein stor og flott kjøll. Til sammen over 20 personer har vert innom og jobba dugnad for at dette skulle falle på plass innanfor ei tidsramme på 6 veker som var satt av.

Kostnadsoverslaget var på ca 900 000,- men med all denne dugnaden fekk me med prisen til 650 000,- Dette hadde me ikkje klart, hadde det ikkje vert for den velviljen folk i ungdomslaget og bygda vår viste. I 2017 var huset brukt 102 ganger. Noko som tilsvarer ca 3,5 ganger iløpet av ei veke. Dette er bra med tanke på at tallet er nokså likt året før sjølv om huset var stengt 6 veker. Det er flott og sjå at huset er ofte i bruk og folk leiger det til alle typer anledninger. Ønsker og å nevne at ungdomslaget arrangerte ein flott konsert for lokalsamfunnet med Rune Larsen. Veldig kjekt å sjå at folk stilte opp, sjølv om me hadde håpa på bedre resultat for å kunne gå i null økonomisk.

OPPSUMMERING

2017 har vert eit innholdsrikt år med eit flott nytt og moderne kjøkken på plass. Me har fått sett at responsen på ting svinger. Noko har måtte blitt avlyst pga manglende påmelding. Dette er noko vi veit om og stadig jobber med for at arr skal virke attraktive og folk skal få lyst til å vera med. For å holde liv i aktiviteter, er vi avhengig av bygdas innbyggere. At dei stiller opp og blir med, er viktig for at det blir noko av dei planlagte arr. I tillegg er me avhengig av dei økonomiske støtta me kan få, slik at me gjerne kan la arr gå sin gang, sjølv om da økonomiske resultatet uteblir. I trutt med økt leige, øker og utgifter på huset med straum, forsikring, kom. avgifter, reinhold og generell vedlikehold. Dette er poster me som eget lagshus må betale sjølv mens dei lag som nytter kommunale bygg, slepp. Me er og heldige og får ta del i grasrotandelen fra Norsk Tipping så husk på oss når de tipper.

ME ØNSKER Å SENDE ÅRSMELDINGEN UT PR EPOST. SEND DIN OG MERK DEN MED NAVN PÅ MEDLEMET TIL kari.hopland.kh@gmail.com SÅ FÅR VI LAGA OSS EIT REGISTER PÅ DET.